

## **i Informasjon om eksamen**



**Høgskolen i Østfold**

# **EKSAMEN**

**Emnekode og -namn:**

LMBNOR10217 Grammatikk, skriveopplæring og elevtekstar

**Dato og eksamenstid:**

25. mai 2018, 6 timer

**Hjelpemiddel:**

Tillatte hjelpe middel er gjeldende læreplan for grunnskolen, ordbok og/eller ordliste.

**Målform**

Nynorsk

**Faglærarar:**

Christian Bjørn Bjerke  
Marion Elisenberg  
Linda Evenstad Emilsen  
Ragnhild Louise Næsje

**Om eksamenoppgåva:**

Kontroller at oppgåvesettet er komplett før du begynner å svare på spørsmåla. Alle kandidatane må svare på alle oppgåvene i del 1 og ei av dei to oppgåvene i del 2. På del 1 får de utdelt papir for å svare på oppgåvene.

**Sensurfrist:** 15. juni 2018

Karakterane er tilgjengelege for studentar på Studentweb.

# **1 Del 1 - Syntaks**

## **Syntaks**

Gje full form- og funksjonsanalyse av dei tre setningane under. Oppgje også ordklassar for kvart ord.

1. Ho gir guten ei gâve.
2. Dei store hestane står ikkje ute.
3. I morgon vil dei aller fleste elevane signere oppropet om fridom for alle.

**Skriv svaret ditt her...**

# **2 Del 1 - Morfologi**

## **Morfologi**

Analyser ordformene under ved bruk av morfologiske treanalysar.

1. bokskapet
2. fridom
3. forbinding

**Skriv svaret ditt her...**

# **3 Del 1 - Fonologi**

## **Fonologi**

Forklar og vis med døme kva eit minimalt par er.

**Skriv svaret ditt her...**

## 4 Del 2 - Oppgåve 1 og 2

**Svar på ei av dei to oppgåvene:**

### Begynnaropplæring i skriving på 1.- 4. trinn

Korleis vil du på best mogleg måte leggje opp til god begynnaropplæring i skriving på 1.-4.trinn? Du kan kome inn på ting som dei ulike skrivarrollene, heilskapleg skriveopplæring, kompetansemål, motiverande skriveoppgåver, handskriftopplæring med meir. Grei ut om praktiske og konkrete arbeidsmåtar i den første skriveopplæringa og grunngje kvifor du vil bruke dei arbeidsmåtane du skriv om.

Eller

### Elevtekstanalyse

Teksten *Dag* er skiven av ein gut i tredje klasse. Teksten er eit svar på ei open oppgåve, der læraren bad elevane om å skrive ei forteljing. Eleven starta på forteljinga på skolen, og ho blei fullført heime som lekse.

Gje ein analyse av elevteksten *Dag*. Du kan ta utgangspunkt i analysenivåa til Dagrun Skjelbred.

Skriv til slutt ei tilbakemelding til eleven. Grunngje tilbakemeldinga di og grei ut om praksis for god respons på elevtekstar.

**Skriv svaret ditt her...**

- i **Vedlegg til oppgåve 2  
Elevtekstanalyse**